



**HØGSKULEN I VOLDA**


Volda University College

## Nyhendebrev nr. 5, 3. februar 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### "Vi sjåast til hausten" - HVO-filmen 2022

Som vanleg dei siste åra: Vi lagar film om oss sjølve for [å nå fram til nye studentar](#). I filmen presenterer vi Høgskulen, studietilboda - og studiebygda Volda. Frå 1. februar til 15. april kan framtidige studentar kunna [søke på våre studium](#). gjennom samordna opptak.

[SJÅ VIDEOEN](#)



### Det blir "normal" semesteropning

Det nye studieåret 2022-2023 får ei opning som "før i tida". Etter to år med koronarestriksjonar blir det felles utandørs opningshøgtid med musikk og helsingar, tysdag 16. august kl 11.00 (NB! Ny tid!). Deretter får studentane møte sine nye lærarar før [fadderane](#) tek over.

[LES MEIR](#)



## Digital, internasjonal utdanningsmesse

Høgskulen i Volda arrangerer internasjonal utdanningsmesse onsdag 9. februar, under namnet Internasjonal dag. Dette er ein innarbeidd tradisjon ved Høgskulen i Volda der studentar kan møte våre internasjonale partneruniversitet.

[\*\*LES MEIR\*\*](#)



## Koronameter for mange ut februar

Koronarestriksjonane har vorte letta, men undervisninga ved Høgskulen i Volda blir gjennomført som planlagt i februar. Det betyr ein meters avstand for mange. Men frå mars kjem ny undervisningsplan lagt utan ein meters avstand i undervisningslokala. Eksamensplanen blir ikkje endra: Det blir dermed ikkje skriftlege skuleeksamenar våren 2022.

[\*\*LES MEIR\*\*](#)

Studium og studentliv:



## Ledige stillingar i Faddervekestyret

Har du lyst å bidra til at fadderveka ved Høgskulen i Volda i 2022 blir heilt magisk? Då kan du søke på eit av deg seks verva i faddervekestyret fram til og med 14. februar. [Les meir om Faddervekestyret her.](#)

### Digital eksamen våren 2022

[Eksamensplanen for våren 2022 blir ikkje endra](#) som følge av letta koronatiltak. Det betyr at våren 2022 blir det ingen skriftlege skuleeksamenar ved Høgskulen i Volda.

### Internasjonalisering: Reis til Wisconsin på Erasmus+-vilkår

Høgskulen i Volda har teikna utvekslingsavtale med University of Wisconsin River Falls (UWRF) innanfor medie- og kunstutdanningar. Spesielt med denne avtalen er at studentar kan få same støtte som for europeisk utveksling gjennom Erasmus+ programmet. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## Internasjonalisering: Avtale om "dobbelgrad" med RheinMain-universitetet

Studentar på Master in Media Practices (MMP) kan no ta ein dobbeltgrad, mastergrad både frå Volda og [RheinMain University of Applied Sciences](#) (Wiesbaden, Tyskland). Dette er den andre avtalen om dobbeltgrad på masternivå. Frå før har Høgskulen i Volda avtale med [Fachhochschule Kiel](#) (Tyskland). [Les meir om dobbeltgraden på nettsidene våre.](#)

## Studentbarnehagen treng tilkallingsvikar

Studentsamskipnaden treng tilkallingsvikarar i Røysmarka studentbarnehage. [Les meir på nettsidene til studentsamskipnaden.](#)

# Fag og forskning



## Allmøte om ny ph.d.-utdanning

Onsdag 2. februar vart det arrangert allmøte med informasjon og diskusjon om det nye ph.d.-programmet som er under planlegging på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Allmøtet vart arrangert på video med ca. 70 deltakarar - til og frå. Prosjektleiari Per Halse, tidlegare stipendiat Stein Conradsen, professor II Elaine Munthe og rektor Johann Roppen heldt innleiingar. Innlegga på allmøtet synte både interesse og engasjement for innretning på den nye ph.d.-en, så fagleg sett er det meir eit spørsmål om korleis vi bør rigge ein ph.d. og ikkje om vi bør gjere det.

## **Korona: Slutt på heimekontor frå 7. februar**

Høgskulen i Volda går no tilbake til normal situasjon både for studentar og tilsette. Frå og med måndag 7. februar vil tilsette møte på jobb på høgskuleområdet som vanleg.

## **11 millionar å hente frå Regionalt Forskingsfond for Møre og Romsdal**

Regionalt Forskingsfond for Møre og Romsdal har tilgjengeleg midlar som forskarar ved Høgskulen i Volda kan søke på. Den største ordninga er kalla Kvalifiseringsprosjekt som har som formål å "Styrke forsknings og innovasjonsevnen til næringsliv og kommunal sektor i Møre og Romsdal, og bygge relevant kunnskap hos FoU-miljøa". Søknadsfristen er løpande og det er 10,5 mill tilgjengeleg. Ei anna ordning under RFF er kalla KSP (Kompetanse- og samarbeidsprosjekt) og her er det tilgjengeleg kr 750.000 og det er også løpande søknadsfrist. [Seniorrådgivar Bjørn Tafjord](#), ASH, kan svare på spørsmål om ordningane.

## **Fjordkonferansen 2022: Frist for abstrakt er 1. mars**

Fjordkonferansen 2022 blir arrangert på Hotel Alexandra i Loen 16.-17. juni, og arrangør er NTNU i Ålesund. Det overordna tema for konferansen er Nyskaping. På plenumsprogrammet står blant anna ein debatt om høgskular og universitet si rolle i samarbeid med næringslivet og utdeling av Sparebanken Møres forskarpris for beste artikkel i Fjordantologien 2021, som blir gitt ut på konferansen. Frist for å sende inn abstrakt til konferansen er 1. mars 2022 og innlegga må vere ferdige til 15. mai. [Les meir om konferansen på nettsida Fjordkonferansen](#).

## **Midlar til statlege digitaliseringsprosjekt: Søknadsfrist 21. mars**

I statsbudsjettet er det sett av 191 millionar kroner til medfinansiering av nye digitaliseringsprosjekt i staten. Digitaliseringsdirektoratet forvaltar midlane og det er statlege verksemder som skal stå som søker sjølv om samarbeidspartar frå kommunar, frivillig sektor eller privat sektor også er med i prosjektet. [Les meir på nettsidene til Digitaliseringsdirektoratet](#).



### Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

### Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

### Fooladi skriv om "Grautstriden" - og har blitt intervju i NRK

[Førsteamanuensis Erik Fooladi](#), AHL/Realfag har saman med professor Anu Hopia ved Universitetet i Turku publisert artikkelen "[Revisiting the "porridge feud" in 19th century Norway: How knowledge and methods from multiple disciplines may reveal new clues to historical cooking practices](#)" i International Journal of Gastronomy and Food Science. Dette arbeidet er også tema i eit [radiointervju på NRK Møre og Romsdal, som du kan høyre her](#) (Klikk på "Tidspunkter" og rull nedover til "Forsker på grøt").

Fooladi og Hopia starta arbeidet for rundt 10 år sidan og [det laga eit tverrfagleg undervisningsopplegg for grunnskulen heile sju år før arbeidet endeleg vart publisert som forskning](#). Empirien i forskingsartikkelen bygger på aktivitetar gjort på ein lærarkonferanse i 2013. [Les også om grautstriden på naturfag.no.](#)

## Helset i "Namn och Bygd"

[Førsteamanuensis Stig Jarle Helset](#), AHL/ISL, har publisert artikkelen "Kan stadnamn ha meining? Ein studie av metafor og metonymi i fjellnamn" i tidskriftet [Namn och Bygd](#)



## Kultur



## Idrett

Idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta. Kampar til VSI (Volda Studentidrettslag), handball og volleyball.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater](#) | [Ørsta kino](#) | [Hjørundfjord filmteater](#) (filmklubb)  
Arrangement på [Tikkio Volda](#) | [Tikkio Ørsta](#) | [Ticketmaster Volda](#) | [Ticketmaster Ørsta](#)

05.02.2022: Handball, menn: [Volda studentidrettslag \(VSI\) - Ørsta2](#), Volda Campus Sparebank1 Arena

06.02.2022: Handball, kvinner: [Volda - Randesund](#), VCA

06.02.2022: Handball, menn: [Ørsta - NTNUJ](#), Ørstahallen

08.02.2022: [Ragnar Liaskar-Kviss](#), Tredet

11.-26.02.2022: [VEKA: Studentveka](#), Rokken

12.02.2022: Handball, menn: [Ørsta - Kristiansund](#), Ørstahallen

12.-15.02.2022: [VEKA: Studentrevyen](#), Rokken

16.02.2022: [Snøkvit, familiemusikal](#), Ørsta kulturhus

17.02.2022: [VEKA: brenn.](#), Rokken

18.02.2022: [VEKA: Standup med Henrik Fladseth](#), Rokken

22.02.2022: [VEKA: Tren med Victoria Tolaas](#)

22.02.2022: [VEKA: Vekavision](#), Rokken

22.02.2022: [Ragnar-Liaskar-Kviss](#), Tredet

23.02.2022: [VEKA: Vekaviss](#), Rokken

24.02.2022: [VEKA: Staysman](#), Rokken  
25.02.2022: [VEKA: Fieh](#), Rokken  
26.02.2022: [Jazzkafé \(Jazzklubben\)](#), Tredet  
26.02.2022: Handball, kvinner: [Volda - Nordstrand](#), VCA  
27.02.2022: Volleyball, kvinner: [KFUM Volda - Oslo](#), VCA  
04.03.2022: [Multiverse \(Jazzklubben\)](#), Tredet  
05.03.2022: Handball, menn: [Volda studentidrettslag \(VSI\)-Stranda](#), Ørstahallen  
06.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Sunnfjord](#), VCA  
06.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Førde](#), VCA  
08.03.2022: [Ragnar-Liaskar-Kviss](#), Tredet  
09.03.2022: [Riksteateret: Trine Rein femti, Feit \(og enda meir\) Bitter](#), Ørsta kulturhus  
11.03.2022: Disputas, [Kristine Vaadal](#), HVO  
11.-12.03.2022: [Standup](#), Tredet  
12.03.2022: [Jazzkafé \(Jazzklubben\)](#), Tredet  
12.03.2022: [Bryggarmeisterskap](#), Ørsta kulturhus  
13.03.2022: [Riksteateret: Hedda Gabler](#), Ørsta kulturhus  
15.03.2022: [Venner på veien](#), Ørsta kulturhus  
16.03.2022: Handball, kvinner: [Volda - Fjellhammer](#), VCA  
17.03.2022: [Adam Douglas](#), Ørsta kulturhus  
19.03.2022: Handball, menn: [Ørsta - Orkanger](#), Ørstahallen  
20.03.2022: [Symfoniorkesteret](#), Fosnavåg konserthus  
22.03.2022: [Ragnar-Liaskar-Kviss](#), Tredet  
24.03.2022: [Skambankt // Ti for alt -2022](#), Rokken  
24.03.2022: [Konsert og bokslepp med Stig Ulv](#), Ørsta kulturhus  
25.03.2022: [Peppa pig live!](#), Ørsta kulturhus  
27.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Breimsbygda](#), Honndalshallen  
27.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Studentspretten](#), Honndalshallen  
31.03.-03.04.2022: [X2-festivalen](#), Volda/Ørsta  
01.-03.04.2022: [NM Volleyball, U15](#), VCA  
02.04.2022: [Jazzkafé \(Jazzklubben\)](#), Tredet  
15.04.2022: [Pastor Rex](#), Fugl Føniks  
23.04.2022: [Jazzkafé \(Jazzklubben\)](#), Tredet  
30.04.2022: [Beady Belle \(Jazzklubben\)](#), Rokken  
03.05.2022: [Jo mere vi er sammen \(Teateret Vårt\)](#), Ørsta kulturhus  
06.05.2022: [Music for a while m/Tora Augestad \(Jazzklubben\)](#), Rokken  
20.05.2022: [Rotlaus](#), Rokken  
21.05.2021: Madrugada, Hoven (Loen)  
09.-12.6.2022: Dei nynorske festspela  
1.-2.7.2022: [Trandalblues](#), Trandal

## Møte, seminar og anna på HVO:



[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Fleire av dei aktuelle møta og arrangementa kan bli formidla via video.

### **Vårsemesteret 2022:**

9.2.2022: [Internasjonal dag](#), Berte Kanutte-huset (digitalt arrangement)  
10.-11.2.2022: Strategiseminar: Handlingsplan - rektors leiargruppe ("Dekanmøtet")  
16.2.2022: [Utdanningsutvalet](#)  
17.2.2022: [Forskingsutvalet](#)  
17.2.2022: HMS-dag  
3.3.2022: [Høgskulestyret](#)  
17.-18.3.2022: Studietur for rektors leiargruppe ("Dekanmøtet") Besøk hos UiB og HVL  
24.-25.3.2022: Avd.seminar ASH  
31.3.-1.4.2022: [Jubileumsmarkering: Sosialfag 50 år](#)  
19.-20.4.2022: Personalseminar AKF  
20.4.2022: [Utdanningsutvalet](#)  
21.4.2022: [Forskingsutvalet](#)  
22.4.2022: [50-års jubileum for Avdeling for mediefag](#)  
25.4.-1.5.2022: [The Northwest](#), Ålesund  
4.-8.5.2022: [European Conference on Science and Theology \(ECST XIX\)](#) (Ålesund)  
5.5.2022: [Høgskulestyret](#)  
17.5.2022: 17.mai-feiring, Faneberar: AKF  
1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)  
2.6.2022: [Forskingsutvalet](#)  
2.-3.6.2022: Avdelingsseminar AMF  
16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022](#), Loen  
16.6.2022: [Høgskulestyret](#)  
17.6.2022: Sommaravslutning AMF  
20.6.2022: Sommaravslutning ASH

## Faste lenker:

### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

### **REKTORBLOGGEN**

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av strømprøduksjonen i solcelleanlegget](#)

## STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)